

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Rødøy.

Emne: Vannbæring.

Bygdelag: Storselsøy.

Oppskr. av: T.K. Heen,

Gard:

(adresse): Nordværnes

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1). Det har visst vore vassbering her i Rødøy frå eldgamalt tid. Men på mange heimstader har det vore så kort veg til brønnen eller bekken at den som henta vatnet berre tok ei bøtte i kvar hand og sprang etter vatnet i ei snar-vende.

Men der vassvegen var så lang at det vart tungt å bera vassbøttene i armene, der brukte dei hallatre, bølltre, vasstre. (I Rødøy brukes tjukk l. i staden for r.)

Det namnet som er mest brukt er hallatre.

Det gamlaste hallatreet eg har sett var mesta berre ei bein, nokko tjukk stong med eit lite ~~inn~~ utøksa ~~inn~~ hak for halsen. På begge endane av denne stonga (hallatreet) var festa dubbelte snører som var høvelege lange til å henge vassbøttene i. I nerenden av snørene var festa ein liten rund trepinne. Snørene vart lagt rundt "bøttehjølpen", "havet", handtaket på bøtta og trepinnen stukke inn mellom begge snøra så han satt fast og gjorde teneste som ein krok.

Det var stort sett slutt med å bruke trebøtter i tida 1905 - 1915.

Dei bølltre som brukes no er utholka for hals og akslar og høver soleis godt til vassbering. Men mest brukes dei kanskje til å bera heim mjølka frå sommarfjøsa om somaren. Frå endane ~~gjer~~ heng det ned granne kjettingar og i kjettingane er det festa krokar som bøttene kan henge i. Oppe med endane mindre krokar til å korta kjettingen med ifall dei er for lange. Ein tar då ei lykkje nere på kjettingen og henger opp på den vesle kroken.

2). Har ikkje høyrd nemnd at det har vore henta vatn i kar med lange øyro som det var tredd ein stav igjennom. Men i alle byslag her ikring, står det eit kar eller ei tønne som om vinteren vert fyllt ein gong om dag. Dette karet vert kalla "vasstreet." eller vassstynna.

3). Vasstransport på ei ski har eg aldri høyrd nemnd.

4). Det er for det meste kvinnfolk og unge gutar som har arbeidet med vassberinga. I allefall er det kvinnfolka som ber vatnet til kjøkenet og for det meste til fjøset og. Mannfolka er mange gonger borte frå heimen både på fiske og på anna arbeid, og då er det kvinnfolka som må bera vatnet.

5). Vassbering brukes enno i dei fleste heimane i Rødøy. Men det er sjølvsa^{gt} mange gardar som har innlagt vatn

både i fjøset og i kjøkkenet.

6). Om vintrane kan det mange gonger hende at brunnen attmed husa vert tom. I slike tider har eg sett at folk har drege heim vatn på kjelke og køyrd det heim på slede,


7). I dei fleste heimane her i kommunen må nok vatnet enno berast heim til kjøken og fjøs.-

Elles er det etter ei vassnemnd som er nedsett i ~~de~~ Oslo opptatt statistikk over alle gardar som har innlagt vatn og ovaer alle gardar i Rødøy som må bere vatnet.

Bø, Ørdværnes, den 13. mai 1947.



T. K. Heen



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvolutten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?

Brukte eller bruker en:

- 1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)?
- 2) a) Trekors?
b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
- 3) Noen trestykker?
- 4) Gress, halm, løkvister, store blad, gran- eller enekvister?
- 5) Is eller snø?
- 6) Kjerald, skål, bøtter, trefat?
- 7) Korkskiver?
- 8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)?
- 9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o o o ---

1.) Nei.

2.) Nei.

3.) Nei.

4.) Nei.

5) Ja, dei som har lang veg til
til fjøstrømmen bruker både snø og gress som
det høver.

6.) Nei.

7.) Nei.

8.) Har ikkje høyd namn.

9.) Nei. Ikkje som y Kjemur til.

Herad _____
Uppteiknar _____

T. K. Aalen,
Nordodnes.

T. K. Aalen /

1867



Det slikt tre vart nytta til å slå
gjødsla utover nær ein grunnstjekk-
På Storselv i Rødøy det kalla Måkkertreet.
Men i Littlefjorden i Rødøy vart det kalla
Grunderbanka.

Wordl. Rødøy


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan
bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over
aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret
hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten
mothake på stonga gjorde at handtaket på bötta ikkje gleid.
Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over.
Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre
frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har
vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon
i Dykkar bygd noko om det ?

Nei.



3164

Tilleggsspørsmål til nr. 12.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka
fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nei, kumøkk eller
anna møkker har eg
ikkje høyrd har vore
nytt til brensel, men
utruley er det ikkje -

Ja, ikkje berre fiskebein og
fiskehovud, men tørka
lauv, lyng og eine-
Med andre ord: alt som
brann på gruva.

Norddønes 23/4 1949 T.K. Olsen